
Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:14 Side 1

Skitt jakt 2001



DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 2

Innhald:

3 Godt nytt jakt- og fangstår til dykk alle!
4 Rypejakt – hausting av overskot eller forbruk av kapital?
7 Kvifor er sikker oppbevaring av skytevåpen livsviktig?
8 Human jaktutøving – ettersøk etter skada vilt
10 Nattkikkertsikte – siktemiddel som forsterkar lyset
12 Jakt- og fangstjournal for sesongen 2001-2002
13 Gebyr for dei som ikkje rapporterer utbyte frå jakt og fangst
14 Jakt i nærområda – dei uprøvde høva til jakt?
17 Tildeling av kort for jakt på småvilt i statsallmenningar
18 Jegerprøva er utvida frå 16 til 30 timar
20 Høgare og differensiert jegeravgift er innført i år
21 Kommunal innkrevjing av fellingsavgifter på elg og hjort
22 Smånytt

Mista Jegeravgiftskortet? Då må du ringa 75 00 79 99 – Jegerregisteret

Jegerregisteret:	
Telefon nummer:	75 00 79 99
Telefaksnummer:	75 00 79 50
Ekspedisjonstiden er mellom	kl. 08.00-15.00
Unnatak torsdag	kl. 08.00-14.00

Gode råd frå Jegerregisteret:

- Betal jegeravgifta med ein gong dersom du skal jakta i år.
- Sørg for å få stempla avgiftskortet i banken, eller ting på kvitteringsoblat.
- Bruk giro med KID-nummer som er lagt ved. Dette gjer registreringa i Jegerregisteret enklare. Bruk av vanleg giroblankett er ikkje tillate!

Når det gjeld adresseendring treng ikkje jegerane melda frå om dette, bortsett frå ved bruk av postboksadresse og studentadresse. Jegerregisteret brukar adressane frå Folkeregisteret.

JEGER REGISTERET

jegerregisteret@brreg.no
www.brreg.no/jegerregisteret

Framsida: Jakthundar kan på same tid vera jaktkamerat, viltfinnar og apportør.
FOTO: KJELL-ERIK MOSEID

Godt nytt jakt- og fangstår til dykk alle!

Det gamle ordtaket seier at det ikkje er noko nytt under sola. Sjølv om dette skulle vera riktig, så skjer det stadig nye endringar i naturforvaltinga! Skitt jakt kjem i år for første gong i nynorsk språkdrakt – kanskje til stor irritasjon for enkelte, men vi håper at dei fleste innser at det er på tide etter 13 samfulle år med bokmål. Ut over det språkmessige vil vi i denne brosjyren leggja vekt på dei endringar som er gjort i avgifter, og vil også setja fokus på viktige emne som sikring av våpen som førebyggjande tiltak mot ulykker og sjølvmord samt kravet om human og etisk forsvarleg jakt og fangst.

Dei som jaktar og fangar har lenge hatt som plikt å rapportera utbytet frå jakt og fangst, men det har dessverre vore alt for få som har vore pliktoppfyllande. Som ei følgje av dette vil det frå og med i år verta innført ei tilleggsavgift for dei som ikkje sendar inn rapport innan 1. mai (sjå eigen artikkel om dette). Ei anna nyhende er at frå og med jaktåret som startar 1. april 2001 vil storleiken på jegeravgifta vera avhengig av kva du jaktar på. Den generelle jegeravgifta er i år auka til 240 kroner (tidlegare 210 kroner), og denne avgifta må alle som ønskjer å jakta småvilt, bever, gaupe, rådyr og villrein betala. Dei som jaktar på elg eller hjort må også betala ei tilleggsavgift på 60 kroner, slik at den samla jegeravgifta for desse jegerane vert 300 kroner (sjå eigen artikkel om dette). Sjølv om dette i og for seg synast å gjera jakta meir kostbar for jegerane, motverkast dette av ei tredje omlegging som inneber at fellingsavgiftene krevjast inn i etterhand (etter at elg og hjort er skote). Samla sett vil desse jegerane truleg koma betre ut samanlikna med tidlegare!

Skytevåpen skal handterast med respekt når dei er i bruk og sikrast på beste måte når dei ikkje er i bruk. Dersom denne regelen vart fylgd av alle hadde dei fleste vådeskot vore unngått, og ein hadde óg oppnådd at langt færre skytevåpen kom i feil hender. Det er eigaren sitt ansvar at våpen ikkje er tilgjengelege for tjuvar, små born eller ungdom med sjølvmordstankar. Sikker oppbevaring av skytevåpen kan faktisk vera viktigare av omsyn til dei som ferdast i huset ditt enn av omsyn til eventuelle tjuvar i natta. Forskarar som har arbeidd med sjølvmord og førebyggjande tiltak har skrive ein tankevekkjande artikkel om dette temaet lenger uti brosjyren.

Den gode jeger eller fangar er ikkje i første rekke den som kjem heim med tyngste børa, men kjennast på at ho eller han har gjennomtenkte haldningar og utøvar ein etisk forsvarleg jakt og fangst. Human jakt er ikkje berre eit lovmessig krav til jegerane og fangstfolk, men kan også vera ein form for adelsmerke som vi alle bør bera når vi jaktar eller fangar. Sjølv om vi meiner å ha ein moralsk rett til å ta liv under jakt og fangst, kan ingen visa til ein rett til å påføra dyr liding i utrengsmål. Dei moralske krava til jegerane og fangstfolk er på mange måtar større enn dei lovmessige – noko som gjer at gode haldningar og høg jaktmoral i større grad enn tidlegare må vera i fokus. Forsvarlege skothold og grundige ettersøk må vera ein grunnregel for småviltjegerar som for storviltjegerar, sjølv om det ikkje er direkte nedfelt i lovverket at jegerane pliktar å gjera ettersøk etter skada småvilt (sjå eige artikkel om human jakt og ettersøk).


Med helsing
Direktoratet for naturforvaltning

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 4

Rypejakt - hausting av overskot eller forbruk av kapital?



Ein lirypestegg i praktdrakt om våren er eit vakkert syn som er til glede for alle naturbrukarar!
FOTO: KJELL-ERIK MOSEID.



Det store spørsmålet er om jakt uttaket kjem i stad den for naturleg dødstal (kompensasjon) eller om jakt uttaket kjem i tillegg til naturleg dødstal (addisjon).

I Noreg jaktar omkring 100 000 jegerar på lirype, som såleis er folkeviltet føre noko. Fordi så mange jegerar er opptekne av lirypa sitt ve og vel, er mange opptekne av effekten som jakta har på rypebestandane. Resultata frå rypejaktprosjektet viser at vi må revurdera ei tidlegare sanning om at jakta ikkje påverkar hekkebestanden til lirype året etter.

Kva effekt har jakt på lirypebestanden?

Ut frå tidlegare undersøkingar av ring- og vingemerkte liryper har vi lenge meint at norske jegerar i gjennomsnitt skyt om lag 10 % av haustbestanden kvart år. Sjølv om dette kan vera riktig når ein ser på gjennomsnittet over alle område og over mange år, så skal ein hugsa på at dette overslaget baserer seg på undersøkingar som vart gjort for 60-70 år sidan. Nyare undersøkingar frå Noreg og Sverige har vist at rypejegerar er i stand til å hausta meir enn 50 % av haustbestanden. Det må likevel presiserast at dette gjeld for lettjakta terreng med høgt jakttrykk.

Heimekjær vaksenfugl og meir vidløftig ungfugl

Når det gjeld spreiingsavstandane frå hausten og fram til etablering neste vår, er det ungfuglane som skil seg ut med klart lengst spreiingsavstand. Vaksne ryper flytter seg svært lite frå hausten og fram til neste år. Dei aller fleste av vaksenfuglane, både steggar og høner, har ein spreiingsdistanse på under 1 km. I praksis inneber dette at vaksne ryper er i det same området neste år, samanlikna med der dei var på hausten. For ungfugl er biletet noko annleis. Dei fleste har ein spreiingsavstand som er 1-10 km. På bakgrunn av normal storleik på eit jaktterreng vil derfor heller ikkje ungfuglane i nokon utstrekt grad forlata området dei kjem frå. Slutninga er derfor at vaksenfuglen er svært stadbunden, mens ungfuglane allereie frå månadsskiftet september-oktober byrjar å flytta ein del på seg (sjå figur side 6). Dette inneber i praksis at vi kan forvalta rypeterreng på 25-30 km², og i stor utstrekning hausta av våre eigne investeringar.

Vinteren ingen flaskehals for rypa

I regi av rypejaktprosjektet vart 155 liryper utstyrt med radiosendarar for å fastsetja overlevinga hos rypene i tre undersøkte område. Om hausten (september og oktober) var det stor skilnad i overlevinga hos ungfugl og vaksenfugl. I denne perioden var overlevinga hos vaksenfugl på heile 80 %, mens den var nede i 60 % for ungfugl. I løpet av vinteren (november-februar) var det ingen skilnad i overleving mellom dei to aldersgruppene, og overlevinga var da 80 % hos begge gruppene. Den låge overlevinga hos ungfugl om hausten har truleg samanheng med dei biologiske prosessane ein har i rypebestanden på denne årstida. I oktober ser ein at steggane byrjar å reetablera sine territorium, noko som i tid fell saman med spreiing av ungfugl. Danninga av territorier fører med seg at ungfuglane i større grad eksponerer seg, og såleis vil vera meir utsette for rovfuglar og rovdyr.


Jaktuttak kjem i tillegg til naturleg dødstal

Dei førebelse resultata frå rypejaktprosjektet tyder på at jaktdødstalet i hovudsak kjem i tillegg til det naturlege dødstalet. Resultata frå dei første åra (1996-1998) tyder på at korkje den eksperimentelle jakta, eller overlevinga hos radio-

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 6

merkte ryper er som venta dersom jaktdødstal hadde vore ei erstatning for det naturlege dødstalet. I perioden 1996-2000 har lirypebestanden auka i fleire av terrenga i Midt-Noreg. I Finnmark derimot har rypebestanden halde seg låg gjennom heile prosjektperioden. I samsvar med dette kjem jaktdødstalet i Finnmark i tillegg til naturleg dødstal gjennom heile prosjektperioden. I dei andre undersøkte områda synast det som at jaktdødstal til ein viss grad har vore ei erstatning for det naturlege dødstalet ved dei høgare tettleikane av lirype. Det faktum at jaktdødstalet hovudsakleg synest å komma i tillegg til det naturlege dødstalet, gjer at forskarane vil tilrå at forvaltinga av rypeterreng skjer på bakgrunn av kunnskap om den årlege bestanden av lirype. Spesielt i år med låg bestandstettleik og dårleg kyllingproduksjon vert det tilrådd eit avgrensa uttak.

Kjelde: Hans Christian Pedersen, Norsk institutt for naturforskning



Spreiing hos lirrype tidlig på hausten. Dei vaksne fuglane er trufaste til sitt område, mens ungfuglane allereie frå månadsskiftet september-oktober byr på å flytta ein del på seg.

Kvifor er sikker oppbevaring av skytevåpen livsviktig?

Lovverket stiller strenge krav til korleis vi sikrar skytevåpen i hus og hytter, og sjølve våpenet eller ein vital del av våpenet skal alltid vera nedlåst. Sikring av våpen er ikkje berre mot tjuvar, men også for at barn ikkje uforvarande skal koma over skytevåpen. Dessverre er det også ein fare for at ungdom kan taka sitt eige liv med usikra skytevåpen.

Ifølgje Våpenlova skal eigarar av skytevåpen oppbevara våpen og ammunisjon slik at uvedkomande ikkje får tilgang til desse. Den nye våpenforskrifta frå 1999 gir detaljerte føresegner om dette, og seier mellom anna at eigarar av fleire enn fire registreringspliktige skytevåpen må oppbevara våpna eller vitale deler i eit FG-godkjend tryggleiksskap.

Hovudgrunnen for desse føresegnene er at ein vil hindra tjuveri, slik at sikringa av skytevåpen er kriminalitetsførebyggjande tiltak. Dei fleste av oss veit at det også har skjedd ulykker i samband med at barn har fått tak i skytevåpen.

Førebygging mot selvmord

Sikker oppbevaring av våpen er også viktig som eit førebyggjande tiltak mot sjølvmord. Truleg er dette mindre kjend. I Noreg registrerte vi 129 sjølvmord ved skyting i 1997. Dette er om lag en fjerdedel av alle sjølvmord. Av dei som tok sitt liv med skytevåpen var det éi jente og 24 gutar som ennå ikkje var fylt 25 år.

Sjølvmord skjer ofte som ei impulshandling. Når ein person i sjølvmordskrise må bruka tid og gjera ei rekke handlingar for å gjera klar eit våpen, aukar derfor sjansen for at han eller hun får tenkt seg om, ombestemmer seg og skaffar seg hjelp. Når våpen er forskriftsmessig nedlåst vert det også vanskelegare for andre, til dømes barn eller ungdom, å få tak i våpenet.

Verdas helseorganisasjon har fokusert på avgrensa våpentilgang som eit av de viktigaste verkemiddela for å redusera talet på sjølvmord. I Noreg må sikrare oppbevaring av våpen i heimen bli sett på som eit viktig verkemiddel for å avgrensa våpentilgang. Dette bør være ein naturleg del av god norsk jaktkultur – ein kultur som vi ønskjer å taka vare på!

Kjelde: Ingebjørg Hestetun, Universitetet i Oslo

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 8

Human jaktutøving – ettersøk etter skada vilt



Enkelte kritiske røyster seier at jakt og etikk ikkje let seg kombinera, og at jaktutøving i og for seg er uetisk. Dessverre er det enkelte jegerar som ikkje viser gode haldningar i samband med jakt, og som ikkje lever opp til føresetnadene i lovverket om å utøve ei human jakt. Utfordringa til den norske jegerstanden er derfor gjennom handling og haldningar å visa at jakt og etikk ikkje berre let seg kombinera, men at jaktetikk er ein naudsynt ballast som alle gode jegerar må ha med seg!

Den enkelte jeger er ansvarleg for å gjera sitt beste for å finna og avliva skadeskote vilt!
FOTO: DAG H. KARLSEN

Human jakt – grunnregel for jegerar

Human jaktutøving er ein grunnregel for alle gode jegerar, og bør vera ein like fundamental føresetnad for jakt som sikker handsaming av våpen, god kunnskap om viltet og kjennskap til gjeldande lovverk innanfor jaktområdet. I omgrepet human jakt ligg det at dyr ikkje skal utsetjast for liding i utrengsmål på grunn av jakt – noko som inneber at skadeskyting utan påfølgjande avliving ikkje er akseptabelt. Som ein tommelfingerregel kan ein seia at ein aldri bør angra på dei skota som ikkje vart lausna! I dette ligg det at ein god jegar ikkje skyt mot vilt i tvilstilfelle.

For å redusera omfanget av skadeskyting er det visse reglar som alle jegerar må følgja:

- Skot mot vilt skal berre lausnast når skotet vil vera drepande
- Skyt alltid på viltet når det er størst sjanse for effektiv felling
- Skyt aldri på vilt utan at du er sikker på at skothaldet er forsvarleg
- Skyt aldri med rifle på vilt som er i rask flukt
- Skyt aldri inn i midten av flokkar med vilt
- Sett alt inn på å få avliva vilt som du har skadeskote

Ettersøk etter skada og felt småvilt

Det er innført strenge krav i lovverket til ettersøk etter skada storvilt, men det er enno ikkje utarbeidd tilsvarande krav til ettersøk etter skada småvilt. Dessverre inneber bruk av hagle at skadeskyting førekjem oftare under småviltjakt enn under storviltjakt, noko som i seg sjølv stiller ekstra store krav til småviltjegeren. Sjølv om ein jeger følgjer alle reglar for human jakt, kan skadeskyting skje. I enkelte tilfelle kan det også vera uklart om det har skjedd ei skadeskyting. Dette er i utgangspuktet tilfelle kvar gong det lausnast skot mot vilt, og det påskotne viltet flyktar utan synlege teikn på skade.

Det tilligg derfor alle jegerar eit ansvar for å forsikra seg om at skada vilt vert funne og avliva så raskt og effektivt som råd er.

Etter at du har lausna skot mot småvilt bør du gjera følgjande:

- Sjå etter skotreaksjon (vinglete flukt, dryssande fjær)
- Følgja påskote vilt med augo så lenge som mogleg
- Merka deg staden og fluktretninga siste gong du ser viltet
- Dersom påskote vilt ser ut til å slå seg ned i eit område, ta deg god tid til å finna gode kjenneteikn i landskapet, slik at du er sikker på at du går til den rette staden
- Følgja etter i same retning som viltet har flykta – sjå etter viltet undervegs. Ein grunnregel er at du følgjer etter viltet dobbelt så langt som du trur det har flykta. Då vil du ofte finna viltet daudt eller du får ein sjanse til å avliva det med eit nytt skot
- Utreda staden der viltet er påskutt. Sjå etter blod og fjør eller hår
- Ikkje nøl med å avliva skada småvilt med eit nytt skot dersom du ser viltet på avstand


Under ettersøk etter skada småvilt kan du ta utgangspunkt i skotplassen, og slå sirklar frå dette punktet. Sjå spesielt bak og under steinar, i holer og sprekker, i bekkefar, kjerr og andre stader der viltet kan skjula seg. Dei fleste artane av småvilt vil heller skjula seg enn å flykta når dei er skadeskote, ikkje minst gjeld dette for alvorlege skader som vingeskot hos fugl eller fotskader hos pattedyr. Ettersøk er langt enklare og meir effektivt med ein hund, sidan luktesansen til hundar er langt betre eigna til å finna vilt enn synssansen til menneska. Gi hunden god tid å utreda skotplassen, slik at hunden ikkje vert oppjaga og slurvar i ettersøket. For ettersøk etter skada småvilt vil dei aller fleste hunderasene vera brukbare, sjølv om jakthundar er spesielt ala fram for dette føremålet.

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 10

NATTKIKKERTSIKTE

Siktemiddel som forsterkar lyset

Det synest å herska ein del forvirring om kva som er tillate brukt av optiske siktemiddel under jakt. Lovverket vårt har eit generelt forbod mot bruk av kunstig lys til jaktføremål, slik at det under jakt i Noreg er forbode å bruka nattkikkertsikte!



Det er forbode å bruka nattkik - kertsikte under jakt i Noreg!

FOTO AV BJØRN RANGBRU – FOTO-MANIPULASJON AV KNUT KRINGSTAD

Frå tid til annan ser ein at lysforsterkingssikte eller såkalla nattkikkertsikte vert bydd ut på den norske marknaden. Dette kan vera sikte av forskjellig fabrikat. Mange av dei kjem frå Russland eller tidlegare Sovjetunionen og mange har ei fortid frå militæret. Med nattkikkertsikte meinast sikte som forsterkar lyset på annan måte enn ved bruk av optikk. Som oftast har siktet ei energikjelde, i dei fleste tilfelle eit batteri. Batteriet gir straum til ei elektronisk eining i siktet som kunstig forsterkar det lyset som naturleg finst i naturen. Det er viktig å vera klar over at desse sikta er forbodne til jakt i Noreg.

Viltlova set i § 20 forbod mot bruk av kunstig lys til jaktføremål. Tilsvarande paragraf fanst alt i 1899. Forbodet i Viltlova mot kunstig lys gjeld først og fremst bruk av lyskjelder som lyser opp viltet, for eksempel lommelykt, lyskastar og liknande. Føresegna må likevel også forståast slik at ho set forbod mot siktemiddel som kunstig forsterkar lyset i kikkertsikta. Likevel er det tillate å bruka såkalla raudpunktsikte og andre sikte med kunstig opplyst kors eller punkt.

Avgjerande for lovlegskapen er definisjonen av ordet "kunstig". Eit vanleg kikkertsikte samlar det lyset som allereie finst, mens lysforsterkingskikkertar forsterkar lyset ved hjelp av elektronikk. Ei elektronisk forsterking må ut frå § 20 i Viltlova definerast som kunstig lys. Sjølv om lovgivar i si tid nok ikkje vurderte nattkikkertsikte konkret, er det eit etablert juridisk prinsipp at lov- og forskriftsføresegner kan gjevast bruksområde på nye forhold der slike nye forhold er i samsvar med ei vanleg samfunnsutvikling.

Eit nattkikkertsikte gjer det mogeleg å jakta under ekstremt dårlege lystilhøve. Ut frå § 19 i Viltlova skal jakt utførast på ein human måte, slik at viltet ikkje vert utsett for fare for lidingar i utrengsmål. Dette inneber ikkje berre at jegeren skal kunne sjå viltet, det må også vera mogeleg å vurdera om bakgrunnen er sikker, og ikkje minst kunne driva eit forsvarleg ettersøk dersom viltet vert skadeskote. Under dårleg lys vil ettersøk vera vanskeleg, og jakt i mørket er såleis også eit brot på § 19 i Viltlova.

Det er i dag ikkje forbode å selja, skaffa eller eiga desse siktene. Det er derfor viktig å vera klar over at det også i framtida kan dukka opp annonsar der sikta vert tilbodne for sal. Ein kan ikkje utelukka at nattkikkertsikte kan verta tillate under ettersøk etter såra vilt, men dette føreset løyve frå kommunen på same vilkår som for bruk av anna kunstige lyskjelder.


Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 12

Jakt- og fangstjournal for sesongen 2001–2002

Dato	Jaktområde	Jaktutbyte	Merknader

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 14

Jakt i nærområda – dei uprøvde høve til jakt?



Overser dei fleste jegerane jaktmoglegheitene i nærområda? Det er mykje som tyder på at svaret er ja på dette spørsmålet. Istadenfor å setja oss i bilen og kjøre mangfaldige mil for å komme opp i fjellet, kunne vi truleg hatt minst like godt utbyte av å bruka beina eller båten i nærområda våre når vi skal jakta. FOTO: DAG H. KARLSEN

Alternativa er mange

Jakt på duer, trast, ender, gjæs og sjøfugl er jaktformer som ofte kan utøvast i umiddelbar nærleik av der vi bur. Rådyr, raudrev og skogsfugl kan også vera vanleg i utmarksområde som ligg i nærleiken av busetnad. Duer, ender og gjæs har morgon- og kveldstrekk til og frå beiteområda sine. Tidleg i jaktsesongen er det derfor ikkje noko problem å jakta på desse fuglane før og etter arbeidstid. Morgontrekket av duer, ender og gjæs skjer oftast i løpet av ein dryg halvtime, og tidspunktet for trekket vert endra i takt med lysforholda.

Bruk av lokkefuglar (kunstige etterlikningar av fuglar) og lokkelydar aukar sjansen for å lykkast. Utplassering av lokkefuglar gjer at fuglane vert mindre mistenksame, og det er ikkje uvanleg at desse viltartane kan setja seg midt i ein flokk med lokkefuglar. Generelt sett gjeld regelen om at jo fleire lokkefuglar dess betre effekt. Dette gjeld spesielt for kortnebbgås, som mellomlandar i store flokkar i delar av landet under hausttrekket. Grågåsa opptrer ofte i mindre flokkar, og vil i den første delen av jaktperioden normalt vera i familiegrupper. Følgjeleg er ikkje behovet for mange lokkegjæs like stort for jakt på grågås som for jakt på kortnebbgås. Ringduer trivst best i større flokkar på seinsommaren og tidleg på hausten, og det kan vere fornuftig å plassere ut minst ti lokkeduer. Lokkeender kan plasserast både på land (stubbåker) og på vatn. Optimalt tal på lokkefugl vil variera med art og årstid, men stort sett vil det også her vera gunstig å setja ut ti eller fleire.

Jakt i nærområda er ofte billigare enn meir tradisjonell jakt. I dei fleste tilfelle får du løyve til å jakta duer, ender og gjæs gratis. Den frie jakta på fjord og hav er også gratis, sidan alle norske statsborgarar har rett til å jakta på saltvatn. Det einaste du må hugsa er å betala jegeravgifta på førehand. Det er i første rekkje sjøfugl som ender og skarv



Kramsfugl (trast) er rekna som ein lekkerbisken.
FOTO: BJØRN RANGBRU

som kan jaktast på fjord og hav, men du kan også jakta på andre artar med jakttid som til dømes måsar, villmink og kråke. Den frie jaktretten gjeld heilt inn til vasskanten, det vil i lovmessig forstand seia der sjøvatn møter land. Den frie jaktretten varierer med flo og fjære. Du kan likevel ikkje skyta på vilt som oppheld seg på eller over land, for der gjeld grunneigaren sin jaktrett.

Avgrensingar på jaktutøvinga i område nær busetnad

Jakt i nærleiken av by og tettstad og i kulturlandskapet stiller strenge krav til jegerane sin vurderingsevne. Paragraf 19 i Viltlova seier at jakt skal utøvast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for menneske eller husdyr eller skade på eigedom. Kor nært tett busetnad ein kan jakta vil vera ei vurderingssak i kvart enkelt tilfelle. Det lønner seg ofte å rekognosera for å finna ein stad der det er forsvarleg å skyta, og kor det samtidig er gode sjansar for å finna vilt.

Kommunale vedtekter kan forby jakt direkte, eller indirekte ved at det er forbode å lausna skot innanfor nærmare

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 16





Andejakt er mellom dei jaktformene som kan utøvast i nærområda.
FOTO: DAG H. KARLSEN

avgrensa område. På sjøen kan også eigne hamnevedtekter setja grenser for jakt. Det same gjeld område freda etter naturvernloven.

Under jakt nær tett busetnad eller i kulturlandskap må du ta omsyn til dei støyproblema som følgjer med jakt. Du må ikkje skyta nære bustadhus eller andre stader der folk oppheld seg. Verknaden av skotsmellet vil variera ut frå tid på døgnet, vertilhøva og ikkje minst staden det skytast på. Det er ofte slik at jegeren ved å flytta seg litt i terrenget kan redusera støyen vesentleg. Toleransen for skotstøy vil variera frå person til person og frå stad til stad. Det er viktig for jakta sitt omdømme at du flytter til ein mindre utsett stad dersom du får klage.

Kulevåpen må berre brukast der bakgrunnen er sikker. Det må takast med i rekneskapen at eit rifleprosjektil ofte forandrar retning ved rikosjett mot bakken eller ved gjennomskyting av viltet. Dette må ein særleg vera klar over når det blir brukt heilmantla kuler. Generelt kan det seiast at bruk av rifle vil vera uforsvarleg i flatt jordbrukslandskap og der det blir skote skrått mot ei vassflate, noko som kan vera aktuelt når det blir skote mot fugl som ligg på vatnet. Det er viktig å vera klar over at sjølv kuler frå finkalibra rifler som salonggevær (kaliber 22 LR) kan føra til alvorlege skadar på menneske på avstandar opp mot 1400 m. Kva som er sikker avstand aukar med storleiken på kaliberet, slik at rikosjetteringsfaren er enda større for grovkalibra rifler.

Ved bruk av hagle må jegeren kjenna rekkevidda på haglepatronen og sørgja for å postera slik at hagla ikkje når fram til stader der folk ferdast. Rekkevidda er aukande med aukande storleik på hagla. Ein tommelfingerregel er at sikker avstand i meter er 100 gonger haglestorleiken gitt i millimeter. Det vil seie at sikker avstand for hagl med diameter på 3 mm er om lag 300 m. Ved jakt på trast, duer, ender og anna vilt av liknande storleik vil det vera tilstrekkeleg innanfor normale skothald å bruka hagl med diameter 2-2,5 mm, som gir ein sikker avstand på 200-250 m.

Ein bør hugsa på at jakta om kvelden bør avsluttast i god tid før det blir heilt mørkt. Det må vera tilstrekkeleg lys til at skadeskote vilt kan finnast og verta avliva. Ein apporterande hund vil letta arbeidet med å finna skote og såra vilt både når det vert jakta over land og på vatn.

Ved bruk av hagle på ender, gjæs, heilo og enkeltbekkasin er det forbode å bruka blyhagl. Det vil seia at ein må bruka giftfrie hagl. Fram til nyleg har stålhagl vore bortimot einaste alternativ til blyhagl, men det har dei siste åra dukka opp ei rekkje andre alternativ. Ein skal vera klar over at stålhagl rikosjettar lettare enn hagl av bly. Ein bør derfor visa varsemd mot å skyta på korte hald mot harde overflater som steinar, berg og flater dekte av is.

Tildeling av kort for jakt på småvilt i statsallmenningar

Fjellstyra sel kvart år ca. 25 000 småviltkort, 50 000 fiskekort og 7 000 villreinkort på 27 millionar dekar statsallmenning. Alle som ønskjer det får kjøpt fiskekort i statsallmenningane, men når det gjeld småviltjakta er situasjonen ein annan. Både av omsyn til ei berekraftig hausting og av omsyn til jegerane sjølve, er det mange stader naudsynt å regulera jaktkortsalet.

Mange fjellstyre mottek langt fleire søknader om småviltjakt enn dei kan innfri. Somme må altså få avslag på ønska tid og stad for jakt. Fjellstyra si utfordring vert å fordela den attraktive, men knappe, ressursen riktig slik at også den som får avslag er like blid!

Fjellstyra har visse køyrereglar å halda seg til ved fordeling av kort. Fjellova ligg til grunn for fjellstyra si forvaltning av småviltjakta. I tillegg til fjellova må fjellstyra følgja aktuelle forskrifter fastsette av Direktoratet for naturforvaltning. Utover dette har fjellstyra stor fridom når det gjeld val av tildelingsrutinar. Ved utvikling av tildelingsrutinar er det likevel mange tilhøve ein bør ta omsyn til, som til dømes:

- Å sikra ei langsiktig ivaretaking av viltbestanden i området.
- Å vera profesjonelle slik at alle som tek kontakt med det enkelte fjellstyret kan få informasjon om korleis tildeling av jaktkort skjer.
- Å tilfredsstilla jegerane, oppsynet og fjellstyra sitt ønske om stabilitet i jegermassen, og samtidig gi nye jegerar reelle høve til jakt i den regulerte perioden.
- Å tilfredsstilla fjellstyra sitt sin ønske om enkel administrasjon, og jegerane sitt ønske om rask tilbakemelding.
- Å tilfredsstilla lokalsamfunnet sitt ønske om størst mogelege økonomiske ringverknader av småviltjakta.

Ein del fjellstyre praktiserer loddtrekking, som kan vera ei god løysing. Erfaring viser likevel at denne lett fører til at mange jegerar søkjer jakt i fleire statsallmenningar. Dette vil totalt gi fleire søknader til kvart enkelt fjellstyre. Fleire jegerar vil få tilbod om jakt i meir enn eitt område, og fleire tildelingsrundar må til, før fleirtalet av jegerane har funne sin plass. Dette fører både til meirarbeid for fjellstyra og sein tilbakemelding til jegerane. Loddtrekking vil heller ikkje føra til at fleire jegerar får tilgang på jakt.

Nokre tips til småviltjegerar:

- Ikkje alle fjellstyre har like stor etterspurnad, men dei kan ha gode tilbod likevel.
- Må du jakta dei første dagane og vekene? Det er betre plass litt ut i jakta!
- Etterspurnaden er klart størst på lirypejakt med hund – kan du jakta andre artar?

Meir informasjon om jakt-, fiske- og friluftslivstilbod som fjellstyra har hand om kan du finna på nettsida www.fjellstyrene.no eller i katalogen Jakt, Fiske, Friluftsliv som du kan tinga hos Norges Fjellstyresamband (telefon 22 83 15 35).

Kjelde: Jan Borgnes, Norges Fjellstyresamband

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 18

Jegerprøva er utvida frå 16 til 30 timar



I samband med utviding av jegeropplær - inga har det vorte laga nytt undervis - ningsmateriell, noko den nye instruktør - permen er eit døme på.
FOTO: SCANPARTNER

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har med verknad frå januar 2001 vedteke å utvida Jegerprøva frå 16 til 30 timar. DN har også gjort framlegg om at nedre aldersgrense for å delta under småviltjakt til opplæringsføremål skal vera 14 år.

I den utvida Jegerprøva skal det leggjast sterkare vekt på tema som jegeretikk og jaktmoral, tryggleik, våpenhandtering og avstandsvurdering. Det skal også leggjast inn grunnleggjande opplæring i bruk av kart og kompass som ein del av jegeropplæringa. I tillegg skal fangstdelen i Jegerprøva styrkjast. Undervisninga endrast slik at kandidatane vert meir delaktige i læringsprosessane. Ei utvi - ding av kurset vil derfor leggja større vekt på praktiske øvingar. Det er også vedteke at seks timar av jegeropplæringa kan takast som sjølvstudium.

Framlegget om utviding av Jegerprøva vart hausten 2000 send på høyring til kommunar, fylkesmenn, organisasjonar med vidare. Høyringa viste at omkring 90 % av høyringspartane støtta framlegget. Høyringspartane som var mot forslaget grunngav dette blant anna med at høgare kostnader kan føra til at aktuelle jegerprøvekandidatar vel å ikkje ta Jegerprøva.

Jegerprøva vart innført i 1986

Jegerprøva vart innført som obligatorisk for alle førstegongsjegerar 1. april 1986. Målsetjinga med jegeropplæringa var å sikra at jegeren har tilstrekkelege kunnskapar om vilt og forsvarleg jaktutøving. Det praktiske kurset var opphavleg utforma som eit kurs på 18 timar, men før opplæringa vart obligatorisk i 1986 vart timetalet redusert til 12 timar. I ei evaluering av jegeropplæringa vart det kommentert at kursopplegget burde innehalda meir lærestoff av haldningsskapanda karakter. Spesielt vart jegeren sitt ansvar, tryggleik i samanheng med våpenbruk og praktisk instruksjon trekt fram som emne som burde få større plass i jegeropplæringa. På bakgrunn av dette vart Jegerprøva utvida til 16 timar i 1995.

Opplæringsjakt frå fylte 14 år

Som eit ledd i opplæringa av nye jegerar har ungdom kunne jakta til opplæringsføremål. Den tidlegare ordninga var at ungdom mellom 15 og 16 år kunne delta under småviltjakt til opplæringsføremål, mens ungdom mellom 16 og 18 år under visse vilkår kunne delta i storviltjakt til opplæringsføremål. DN ønskjer å seinka den nedre aldersgrensa for å utøva småviltjakt til opplæringsføremål frå 15 til 14 år – men har ikkje gjort noko framlegg om endringar for opplæring av storviltjegerar. Framlegget om seinka aldersgrense var hausten 2000 ute på høyring, og 95 % av høyringspartane støtta framlegget. Saka er oversendt Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd.



Opplæringsjakt er ei vidareføring av den tradisjonelle måten som jaktkunn - skapen vart overført frå ein generasjon til den neste. I framtida er det kan - skje like vanleg at mor og dotter dreg på jakt?
FOTO: BJØRN RANGBRU

Høgare og differensiert jegeravgift er innført i år

Den generelle jegeravgifta aukar i år frå 210 til 240 kroner, og for å jakta på elg og hjort må du betale eit tillegg på 60 kroner. Ved betaling må jegeren sjølv føra på riktig beløp.

Jegeravgifta har vore uendra sida 1994, då avgifta vart auka frå 200 til 210 kroner. I perioden 1994-2000 har kostnadene til kjøp av tenester og tilskotsfinansiert aktivitet auka. Sjølv om det auka kostnadsnivået delvis har vore kompensert gjennom ei auke i talet på jegerar, meiner vi at jegeravgifta bør følgja den vanlege kost- og prisauken. For å dekkja opp behova for ulike tiltak innanfor viltforvaltinga er derfor jegeravgifta auka til 240 kroner i 2001. Gebyret som vert kravd for utsending av ekstra jegeravgiftskort (duplikat) vert framleis 50 kroner.

Innbetalingsgiroen har ikkje påtrykt noko beløp i år. Alle jegerar som skal jakta elg eller hjort må fylla inn 300 kroner før betaling. Andre jegerar set inn 240 kroner. Frå neste jaktår vil det beløpet som du betaler i år bli trykt på innbetalingsgiroen. Ved endring av beløp, som til dømes betaling av tillegg etter at du har betalt den generelle jegeravgifta, må du taka direkte kontakt med Jegerregisteret for å få tilsendt innbetalingsgiro med tillegg. Det er gratis å få tilsendt ny giro.

I tabellen nedanfor finn du ein oversikt over dei aktuelle jegeravgifter for jaktåret 2001/2002. Det er oppgitt overslag over talet på innbetalingar som er venta, samt overslag over den samla inntekta for kvar enkelt avgift. Legg merke til at gebyr for manglande rapportering av utbyte frå jakt og fangst vert kravd inn først neste år, slik at det ikkje kjem inn nokre slike inntekter i år 2001.

Type avgift	Storleik på avgift	Overslag over talet på innbetalingar	Overslag over samla inntekt
Generell jegeravgift	240	192 000	46 080 000
Tillegg for elg og hjort	60	80 000	4 800 000
Gebyr for ekstra jegeravgiftskort	50	4 600	230 000

Kommunal innkrevjing av fellingsavgifter på elg og hjort

Frå og med hausten 2001 vil innkrevjing av fellingsavgift på elg og hjort vera eit kommunalt ansvar, mens fellingsavgifta på villrein framleis vil vera i statleg regi. Inntektene til Viltfondet i 2001 må sjåast i lys av denne omlegginga.

Det har vore eit mål å leggja om ulike tilhøve i norsk viltforvalting med sikte på ei sterkare lokal forankring, ansvar og styring av forvaltinga. Kommunane bør i større grad gjerast ansvarleg i forvaltinga av lokale ressursar i eigen kommune, under den klare føresetnaden at nasjonale miljømål også vert gjort gjeldande. For at kommunane skal kunne gjennomføra dette krevjast det endringar i både administrative rutinar og juridiske verkemiddel.

Fram til 2001 har Stortinget fastsett fellingsavgifter for hjortevilt gjennom statsbudsjettet. Avgiftene har saman med andre inntekter, blant anna inntekter frå omsetning av fallvilt og ulovleg felt vilt, vorte godskrive det statlege Viltfondet. Direktoratet for naturforvaltning og fylkesmennene har forvalta desse middela gjennom ulike tilskotsordningar. Medverknaden frå brukarane har som regel vore avgrensa til samarbeid mellom fylkesmennene og friviljuge organisasjonar på fylkesnivå.

Stortinget vedtok i juni 2000 endringar i Lov om viltet §§ 13, 40, 43 og 48, noko som fører med seg at kommunane vert gitt myndigheit til å fastsetja og krevja fellingsavgifter på hjort og elg innanfor visse rammer, samt at kommunane vert gitt eigedomsretten til felt skadevilt og fallvilt av hjortevilt og bever. Omlegginga varetek Regjeringa si målsetjing om å overføra ansvar og rådvelde frå Staten til kommunenivået. Den varetek også tilrådingar som følgjer av Handlingsplanen for forvaltning av hjortevilt (DN-rapport nr. 1-1995), konsekvensane av det arbeid som i dag vert lagt ned i tilknyting til driftsplanprosjektet Lokal Agenda 21 med vidare.

Endringa av Viltlova slår fast at direktoratet kan fastsetja reglar om bruken av middela i kommunale viltfond. Slike reglar vil vera klare i løpet av første halvår 2001, men det som er klart allereie er at kommunane ikkje kan nytta innbetalte fellingsavgifter til eigen administrasjon. Middela skal setjast inn i kommunale viltfond, og bruken av desse skal vera tiltaksretta mot ulike viltoppgåver på kommunalt eller mellomkommunalt nivå.

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 22

Rekordlågt utbyte under villreinjakta i haust

Ugunstige verforhold var truleg ein av grunnane til at utbytet frå villreinjakta i hovudsak vart svært lågt, sjølv om det var store skilnader mellom dei ulike villreinområda. Av ei total kvote på 21 287 villrein vart 7 631 dyr skote, noko som tilsvarar ein fellingsandel på 36 %.

Sidan den offentlege statistikken for villreinjakt vart starta opp i 1952 er det ikkje registrert lågare fellingsprosent. I 1994 gjekk fellingsrata for første gong i nyare tid under 50 %, og den minkande trenden heldt seg utover 1990-talet. Fellingsprosenten i haust varierte mykje mellom dei ulike villreinområda, med den høgste fellingsprosenten i Forelhogna (91 %). Dei talrike overgangsavtalane mellom grunneigarane i dette villreinområdet er den mest trulege årsaken til det gode uttaket.

Nyare jaktstatistikk for elg, hjort og småvilt

Det vart skote 39 400 elgar under elgjakta hausten 1999. Aldri før er det skote så mange dyr under denne jakta, og det er 440 fleire enn i det tidlegare rekordåret 1993. Den norske elgstamma har auka kraftig frå byrjinga av 1970-åra og fram til i dag. Til samanlikning vart det i 1972 skote 6 200 elgar. I alt var det gitt løyve til å fella 46 000 dyr i 1999, og 86 % av desse vart skote under jakta.

Det er sett fellingsrekord for hjortejakta kvart år sidan 1991. I løpet av siste tiårsperiode vart talet på felte hjort fordobla. Det ser no ut til at voksteren er i ferd med å flata ut. Frå eit jaktutbyte på 500-600 dyr per år på landsbasis i åra rett etter krigen, har fellinga auka til litt over 22 000. Det var tillate felt 33 900 dyr i 1999, og på landsbasis vart 65 % av kvotane oppnådd.

For jaktåret 1998/99 vart det felt i alt 921 000 småvilt. Dette er ein auke på om lag 100 000 frå året før, og ein må tilbake til jaktåret 1993/94 for å finna eit høgare tal. Det var først og fremst rypejakta som gav det gode resultatet. Ryper utgjorde 55 prosent av mengda felt småvilt. På landsbasis var det ein auke på 70 000 felte ryper frå året før. Av anna fuglevilt vart det felt 59 000 ender, 51 000 skogsfuglar (storfugl, orrfugl og jerpe) og 49 000 ringduer. Av rådyr vart det felt nær 38 000.

Jaktstatistikken ligg også ute på Internett, der den finst under Statistisk sentralbyrå si heimeside http://www.ssb.no/emner/10/04/10/
Her vil du blant anna finna oppdaterte tal for hausten 2000.

Arbeid med ny jaktforskrift

Forskrifta som regulerer jakttider og jaktmåtar reviderast kvart femte år. Noverande forskrift gjeld ut mars 2002. I framtida vert truleg talet på forskrifter redusert i regi av prosjektet *Eit enklare Noreg*.

Arbeidet med revisjonen av forskrifta har alt starta, og framlegg til ny forskrift vert sendt ut på høyring i løpet av våren 2001. Høyringsfristen vil først gå ut tidleg på hausten 2001, slik at det vert god til for høyringspartane å gje sine merknader til framlegga. I tillegg til fastsetjing av jakttider på dei aktuelle viltartane, vil det óg verta høyrt på ulike tema som gjeld sjølve jaktutøvinga. Aktuelle høyringstema kan vera bruk av boge under jakt, vårjakt på ender i delar av Finnmark, krav om ettersøkshund under småviltjakt og bruk av kunstig lys under ettersøk etter skada storvilt. I regi av prosjektet *Eit enklare Noreg* er det starta opp ein prosess der ein tar sikte på å få eit enklare regelverk for nordbuare flest. Det er aktuelt å slå saman fleire enkeltforskrifter som regulerer jaktutøving, slik at talet på jaktforskrifter vert vesentleg mindre.

Snart 360 000 norske jegerar registrert i Jegerregisteret

Talet på jegerar som er registrert i Jegerregisteret aukar jamnt og trutt, og ved utgangen av 2000 var drøyt 358 000 norske jegerar registrert i Jegerregisteret i Brønnøysund. Mellom dei nye jegerane vert det stadig fleire kvinner. Siste året var om lag ein av fire nye jegerar kvinner, men framleis har den samla jegerstanden ein klår mannsdominans.

Jegerregisteret vart flytta frå Trondheim til Brønnøysund i 1999, og er no ein del av dei såkalla Brønnøysundregistra. Dersom du har spørsmål som går på oppføring i registeret, tilsending av avgiftskort, tinging av nytt avgiftskort ved tap (duplikat) og liknande, kan du taka direkte kontakt med Jegerregisteret (sjå eigen annonse).

No kan du finna Jegerregisteret på Internett: htpp://www.brreg.no/jegerregisteret/. På denne heimesida kan du finna mykje nyttig informasjon om Jegerregisteret, oversikt over vanlege spørsmål med svar og mange nyttige lenker. Her kan du også få informasjon om korleis du skal gå fram for å taka Jegerprøva, og du kan tinga jegeravgiftskort direkte på nettet. Dei som ikkje ønskjer å bruka Internett har som tidlegare høve til å taka direkte kontakt over telefon eller telefaks.


Dersom du ikkje har vore aktiv jeger i løpet av dei sistre tre åra eller du har mista jegeravgiftskortet ditt, kan du tinga nytt over Internett. Du går då inn på hovudsida til Jegerregisteret, og nedst på sida klikkar du på Jegeravgiftskort. Når du får opp sida med informasjon om jegeravgiftskortet, finn du tilgangen til tinging av kort nedst på sida. Du må oppgi fødselsnummeret ditt, då dette brukast som gjenkjenning av deg som jeger. Jegeravgiftskortet vil bli sendt deg i løpet av tre dagar. Dersom du har mista kortet ditt og får tilsendt nytt, må du betala 50 kroner i gebyr.



Det er ikkje lenger berre karane som tar børsa på ryggen og dreg til fjells! Stadig flei re unge kvinner tar Jegerprøva, og i 2000 var om lag ein av fire førstegongsjegerar kvinner .

FOTO: ELLEN ARNEBERG:

Jeger-brosj. 3.korr.2001 14.02.01 22:15 Side 24



Jakt kan vera eit fint påskot for å koma seg opp på fjellet pa ei tid då ein elles ville ha halde seg heime.

(FOTOGRAFI: BJØRN RANGBRU).

DESIGN: www.kursiv.no - PRODUKSJON STRÅLFORS AS

Opplag: 290 000
ISSN 0805-729x
ISBN 82-7072-367-3
TE 858